

RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV KOMMUNALE KULTURMIDLAR I HAREID KOMMUNE

§1 Kven kan få kulturmidlar

1 .Etter søknad til Levekårsutvalet (LKU) kan det ystast tilskot til organisasjonar, institusjonar og personar som driv eller vil starte opp kulturell verksemd i Hareid kommune.

2. Midlane skal nyttast til kulturelle og sosiale formål som kjem folk i Hareid til gode.

3. Organisasjonar med fleire undergrupper må samordne søknadar frå undergruppene.

4. Samarbeidsorgan for lag og organisasjonar kan få tilskot.

5. Organisasjonar som driv si verksemd i Møre og Romsdal, og som fell utanfor retningslinjene for fylkeskommunal stønad, kan ystast tilskot når dei rekrutterer eit visst tal medlemmar frå Hareid.

6. Unnateke frå tilskot er:

- organisasjonar som primært tek i vare medlemmane sine interesser innan yrke eller økonomi
- politiske parti/aksjonar
- organisasjonar som ikkje er opne for alle
- reint kommersielle tiltak

§2 Tilskotsordningar

1. Tilskot til drift

Kan ytast når verksemda er kontinuerleg og vert normalt berre tildelt hovudlag.

Søknad vert vurdert ut frå medlemstal, aktivitet, årsmelding/rekneskap og planlagt verksemd.

2. Tilskot til oppstart

Kan ytast som eingongstilskot. Søknad vert vurdert utifrå budsjett og planar.

3. Tilskot til drift av samlingshus

Kan ytast til lag som har eige hus. Søknaden vert vurdert utifrå rekneskap/budsjett.

Tilskot til nybygg og rehabilitering må innarbeidast i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

4. Tilskot til andre kulturføremål

Kan ytast til føremål som fell utanfor pkt. 1-3, men som ein likevel utifrå ei samla vurdering, finn det rett å støtte. Dette kan vere tilskot til kurs/opplæring, arrangement og andre tiltak.

§3 Søknadsprosedyre

1. Søknadar som ikkje inneheld dei opplysningane ein bed om, og som det er rimeleg å forlange, vert ikkje handsama.

2. Søknadar som kjem inn etter søknadsfristen vert ikkje handsama, om ikkje anna er avtala før fristen gjekk ut.

3. LKU kan nytte rådsorgan (t.d. Hareid kulturlag og Idrettsrådet) til å legge fram forslag til fordeling innanfor vedtekne rammer.

§4 Prioriteringar

LKU kan velje å prioritere

- søkjarar som ikkje fekk tildeling førre år
- barn og ungdom
- arrangement i samband med store jubileum/markeringar

§5 Rapport og rekneskap

1. Dersom det vert gitt tilskot til søkjar utan organisasjonsnummer må det leverast dokumentasjon på at tilskotet er nytta etter føresetnadane.
2. Dersom tilskot ikkje vert nytta etter føresetnadane kan ein krevje tilbakebetaling, og retten til stønad kan tapast for kortare eller lengre tid.

§6 Endring av retningslinjene

1. Endring av retningslinjene må godkjennast av LKU.
2. LKU kan i særlege høve dispensere frå reglane.

Denne versjonen blei vedteke i levekårsutvalet den 7. juni 2023 i sak 33/23.